Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erfjord.

Emne: Drikk til maten til kvardags

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jårvik

Gard: Hamra.

(adresse): Vik i Erfjord.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjölk.

1. Bruken av mjölk har auka mykje dei siste 20 åri, serleg no etter siste krigen. Fyrste eldre folk kan minnast so var det helst skuma mjölk (sjör) so ein drakk, men no drikk dei fleste nysilt mjolk.

2. Ein drakk sjör som leskedrykk utan at ein åt.

3. Ein laga bleng av sjör eller saup til tostedrikka. Det vert bruka no og serleg i onnene.

Öl.

4. Det er umlag 80 år sidan ein slutta å bruka heimebryggja öl som kvardagsdrykk. Det var serlegt brukt i slåtten.

Kaffi.

5.

Gamle folk kan ikkje minnast kå ein tok til med å drikka kaffi her.

6. Det er visst at kaffi har vore kvardagsdrykk i over 100 år no.

6513

7. Det er mest to gonger om dagen ein drikk kaffi no. Det er kaffi til morgons og mellemat, sume drikk kaffi etter middagen.
8. Når ein lagar kaffi so har dei fleste grovmalen kaffi opp i kaldt vatn Sume har ikkje kaffi-en oppi fyr enn vatnet kokar. Ein klarar ikkje kaffien her, og ein har ikkje salt i kaffien. Det er ikkje vanlegt med klåreskinn eller eggeskal. Har ikkje høyrt at ein er so nøgje med at kaffien er so sers klår. Ein spår i grut; men ikkje etter visse reglar
9. Ein brukar sjeldan sukker i kaffien til kvardags. Dei som brukar ettermiddagskåffi har målasukker i eller atåt han. Ein brukar ikkje kokt sukker i plater. Sume brukar farin i kaffien; men dei er få.
10. Ein har fløyte eller mjølk i kaffien. Har ikkje høyrt at nokon har ost i kaffien. Ein kjenner til at rispa egg har vore brukt i kaffien.
11. Sume drikk te til kvardag. Det er til kvelds dei drikk han. Det er umlag 30 år sidan ein byrja med det.
Dei har laga te av karve. Dei kalla det for karvevatn.
Ellers dette er det slutt med no.

6513

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Brennevin.

12. Dei bruka brennevin til kvardags når dei hadde dagne i gamle dagar.
So bruka dei brennevin då dei løypte ved i elvar eller bekker.
Hadde det vore hardt arbeid so kunde sume gjentja ein dram eller to.

## Nyare drykk.

13. Det vert ikkje brukt mykje nyare drykk, som bjørøl, selters eller brus til kvardags her.

6513

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING